



Arkiv: TI-&13, HØRING-
19.08.2026, FA-K4
JournalpostID: 26/37722
Saksbehandlar: Lindis Bergland
Østgård
Dato: 11.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/058	Samfunnsutval	02.09.2026
	Stad kommunestyre	

Vedtak om Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Stad kommune

Bakgrunn for saka:

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Stad kommune har vore på høyring. Innan fristen kom det 49 høyringsinnspel. Forskrifta skal opp til vurdering og eventuelt vedtakast. Det er gjort små endringar i forskriftsteksten etter tilbakemelding frå Statsforvaltar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a vedtek Stad kommune «Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Stad kommune» slik den framkjem som vedlegg i saka.

Vedlegg i saka:

19.08.2026	Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Stad kommune	1877282
------------	--	---------

Samfunnsutval 02.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som fall med 2 mot 5 røyster. Dei som røysta mot var Marie Kristine Kroken (MDG), Marilyn Osmundsvåg (V), Kjell Magnar Flølo (Sp), Daniel Dyrstad Hildenes (H) og Ståle Sandal (Sp).

SAMF - 26/058 Vedtak:

Innstilling frå samfunnsutvalet:

Det vert ikkje opna for bruk av av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Stad

kommune.

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet fastsette 26. juni 2026 endringar i forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst (heretter kalla jaktutøvingsforskrifta). Det var behov for tilpassingar i forskriftsverket i samband med at den nye lova om jakt, fangst og felling av vilt mv. (heretter kalla viltressurslova) skulle tre i kraft 1. juli 2026. Viltressurslova § 26 seier at:

Bruk av lyskilder som gir synlig lys under jakt og fangst, er forbudt, med mindre annet følger av eller i medhold av lov. Det samme gjelder bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler og andre siktemidler med teknologi som har til formål å lyse opp eller forbedre synligheten av omgivelsene eller viltet for jegeren.

Kongen gir forskrift om unntak fra forbudet etter første ledd for blant annet ettersøk av påskutt vilt, jakt på nærmere bestemte arter og når det anses nødvendig for å regulere viltbestanden i nærmere bestemte områder.

I jaktutøvingsforskrifta § 29 a, fjerde ledd står det:

For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng. Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Bakgrunn for å legge forskrift på høyring

Den 2. juli 2026 hadde faggruppa for vilt i Sunnfjord og Nordfjord eit møte der saka om restlysforsterkende og termiske siktemiddel (heretter kalla termiske siktemiddel) vart drøfta. Dei aller fleste kommunane ønskte å få på plass ei forskrift så raskt som råd, og helst før jaktstart. Fagnettverket meinte det burde vere kontinuitet mellom nabokommunar slik at regelverket er lettare for jegerane å forhalde seg til. I tillegg går fleire av bestandsplanområda for hjort over kommunegrensene. I Stad er det eitt vald som går over kommunegrensa til Stryn.

Sunnfjord kommune har vedteke forskrift, medan blant anna Volda kommune (høyringsfrist 9. august), Vanylven kommune (frist 31. august) og Stryn kommune (frist 21. august) har lagt forslag til forskrift ut på høyring. Stryn har kommunestyremøte 10. september. Bremanger kommune har uttalt at dei truleg kjem til å legge fram forslag om forskrift før jakta 2027, medan Kinn kommune meiner dei ikkje har nok grunnlag for å legge ut forslag om forskrift på høyring.

I samråd med ordførar og kommunalsjef vart det bestemt å gjere eit administrativt vedtak om å legge forskrift om opning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Stad kommune ut på høyring med seks veker høyringsperiode (fram til 19. august 2026). Dette vart gjort slik at det skulle vere mogleg eventuelt å få eit vedtak tidleg i jakta.

Landbruksdirektoratet har laga rettleiar for fastsetting av lokal forskrift om bruk termiske siktemiddel som seier at bruken av termiske siktemiddel skal avgrensaast til «ope terreng». Fleire har peika på at dette er upresis terminologi. Ope terreng er definert i forarbeida til endring av viltlova (*prop. 149 L (2020-2021 s. 16)*):

Med «åpent terreng» menes her terreng som stort sett er fritt for hindringer som bygninger og trær. Eksempler på dette er åker, eng og beitemark. Det kan også være åpne arealer på skogsmark, som hogstflater, naturlige åpninger uten høyt feltsjikt- og buskvegetasjon og områder der skogen er

høystammet og glissen.

Innspel frå høyringsrunden

Innan fristen vart det sendt inn 49 innspel. Eitt innspel kom etter fristen 19. august. Alle innspela ligg i sin heilskap på [postlista](#).

Debatten engasjerer mange. I tillegg til innspela har det kome mange telefonar med spørsmål og/eller meiningar. Det er berre skriftlege innspel sendt innan høyringsfristen som er vurdert i saka. Dette har innringarar blitt informert om.

Kort oversikt over innsendte innspel:

Innsendar	For/mot	Innsendar	For/mot
Kjetil Remme	Mot	Stårheim og Haugen hjortevald	Mot
Joachim Haugland	Mot	Heggjabygda og Leivdalen hjortevald	For
Lillekjøde samjaktlag	For	Oddbjørn Frislid	For
Hilde Rotihaug Humborstad og Kåre Aardal	Mot	Jaktfelt Heimemarka	For
Håkon Martinussen	For	Gilleshammer, Kjøllesdal, Horn og Humborstad Jaktsameige	For
Stian Remme	Mot	Øystein Bakke Kongsvik	For
Magnar Hatlenes	For	Nils Magne Nedreberg	Mot
Mads Flataker	For	Karsten Magnar Solheim	For
Frank Arne Gangeskar	For	Stein Inge Humborstad	Mot
Ole Severin Hjelte Eliassen	For	Aleksander Telvik	For
Johnny Haugland Sørland	For	Dag Ståle Leivdal	For
Eide jaktfelt	For	Joakim Alexander Hammer	For
Michelle Hatlenes	For	Martin Navekvien	For
Lasse Brenden	For	Arvid Nore Myklebust	For
Svein Barmen	Spørsmål	Tone Sagli	For
Bård-Magne Lunde	For	Bjørnar Myklebust	For
Tore Ola Sundal	Mot	Aksel Melheim Myklebust	Mot
Alf Tore Rundereim	For	Anne Johanne Hammer	For
Eid JFL	Mot	Ingvill Henden	For
Rune Endre Eriksen	Mot	Lars Gunnar Hanmersland	For
Eivind Gilleshammer	For	Hanebrekke og Manseth jaktfelt	For
Tom Andre Svoren	For	Martin Leite Gilleshammer	Mot
Espen Ødegård	Mot	Jostein Arvid Sæterlid Hole	For
Bjørn Erik Haugland	Mot	Johan-Lennart Hovden	For
Statsforvaltar i Vestland	Nøytral		

Manglar dokumentasjon i høyringsbrevet

Mange sakna grundig dokumentasjon på behovet for å opne for bruk av termisk kikkertsikte, og meinte at forslaget i liten grad la fram lokale utfordringar. Statsforvaltar påpeiker at kommunen må vere merksam på sakshandsamingsreglane og at einn sørger for at kravet til å opplyse saka er oppfylt i det vidare arbeidet med forskrifta. I tillegg hadde Statsforvaltar kommentarar til kva heimel det skal visast til i forskriftsteksten og at ordlyden om ettersøk er forvirrande då det kan sjå ut som at dette er noko kommunen har vedteke sjølv. Setninga om ettersøk vart vurdert som unødvendig og er teke vekk

Fleire påpeiker at for at ein kommune skal kunne opne for bruk av termisk kikkertsikte skal det vere for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik.

Dei meiner at det ikkje er tilstrekkeleg å vise til at det mykje hjort, at ein ønskjer høgare fellingstal eller at jakta kan bli meir effektiv. Det må kunne dokumenterast kva alvorleg skade som skal avverjast og kor, samt at denne skaden har samband med høg bestandstettleik. I tillegg meiner dei at det må visast til kvifor ordinære verkemiddel ikkje er tilstrekkelege, og korleis termisk kikkertsikte er eigna for å avverje slik skade.

Innspel for og mot lokal forskrift

Innspela spegla godt at det er to frontar med motsette meiningar.

Den nye viltressurslova har innført eit generelt forbod mot bruk av termiske siktemiddel ved jakt. Fleire meiner at Stad kommune bør følgje den nasjonale intensjonen og la vere å opne for bruk av termiske siktemiddel i lokal forskrift. Grunngevinga hadde fokus på redusert hjortetettleik, dyrevelferd og jakttradisjon. Det vert peika på at kommunen må få på plass ei forskrift som forbyr bruk av termiske siktemiddel. Om forskrifta ikkje vert vedteken er bruken av termiske siktemiddel ulovleg.

Mange av innspela var positive til at det blir laga ei lokal forskrift i kommunen. Kommenterar som gjekk igjen var at dei meiner det gjev betre dyrevelferd og at termiske siktemiddel er eit godt verktøy for målretta og effektiv hjorteforvaltning, spesielt ved innmarksjakt og i område med beiteskadar.

Mindre hjort og fare for at jakta blir for effektiv

Mange meiner at det ikkje er grunnlag for å opne for bruk av termiske siktemiddel fordi hjortetettleiken har gått ned dei siste to-tre åra og at fleire jaktfelt no må bruke vesentleg lenger tid på å fylle kvota. Fleire meiner at det ikkje er alvorleg skade på natur- og samfunnsinteresser i Stad kommune.

Fleire er bekymra for at ei innføring av meir effektive hjelpemiddel vil gjere at reduksjon av hjortestammen vil gå for fort og at ein då må arbeide over lenger tid for å bygge opp ein sunn hjortestamme igjen. Det vert peika på at det er viktig ikkje å forhaste seg, men heller bruke tid og ressursar på å kartlegge stammen og sørge for god kvotefordelinga med ei fordeling som går i favør av å bevare overskotet av gode avlsdyr.

Mykje hjort

Fleire peiker på at hjortebestanden framleis er for høg, og at det er mykje hjorteskafe hos enkelte grunneigarar som kan vere ei stor utfordring. Ved å kunne nytte termiske siktemiddel på innmark får ein meir tid til å redusere skadeomfanget, samt at det er mogleg å ta ut dei dyra som tek med seg flokken inn på bøen. Ofte trekk hjorten vekk frå innmarka før det lysnar, noko som gjer det vanskeleg å ta ut hjorten som gjer skade. Det var òg vist til at når kommunen søker om fri avskyting av hjortekalv, er det ein indikasjon på at hjortestammen er for stor.

Ein annan er uroa for sjukdommar i hjortebestanden dersom tettleiken blir for høg.

Har nok verktøy for å kontrollere hjortestamma

Dei fleste som ikkje ønskjer å opne for bruk av termiske siktemiddel meiner Stad kommune har ein stabil og godt forvalta hjortestamme, og at ein gjennom bestandsregistreringar, teljingar, lokalkunnskap og fastsette kvotar har gode verkemiddel for å regulere bestanden. Fleire meiner at ein gjennom auka jaktinnsats, flytting av løyve, samjakt eller samarbeid mellom jaktlag/jaktfelt eller andre eksisterande verkemiddel, som til dømes at valdet tildeler ekstra skadeløyve, bør løyse desse utfordringane.

Løyve er styrande for jakta, termiske siktemiddel er eit hjelpemiddel

Det er bekymring for at bruk av termiske siktemiddel skal gjere at det blir teke ut for mange dyr i jakta. Mange peiker på at det er tal løyve som styrer og målsettinga for hjortebestanden som

bestemmer uttaket av hjort. Termiske siktemiddel er eit hjelpemiddel til å nå dei måla som har blitt sett.

Eit innspel minner om at bruken av termiske siktemiddel er frivillig, og fleire syner til at dei allereie har brukt det i fleire år. Dei meiner at sjølv om ein jeger får betre moglegheit til å identifisere dyret, vurdere skotmoglegheita og gjere eit sikkert skot, betyr ikkje at det automatisk fellast fleire dyr.

Fare for tryggleiken

Nokon meiner at det termiske bilete berre viser varmesignaturar og ikkje gjev den visuelle detaljrikdomen du treng for å vurdere bakgrunnen eller kva som rører seg i terrenget rundt. Å skyte basert på eit varmesignatur i eit sikte aukar risikoen for feilskyting. Tradisjonell, god optikk i kombinasjon med dagslys eller måneskin sikrar langt betre jaktetiske vurderingar.

Fleire meiner at omsynet til allmenta må inngå i vurderinga. Jakt i skumring og mørke skapar tidvis uro blant dei som nyttar naturen til friluftsliv. Sjølv om det vert nytta lyddempar, kan skyting om natta vere forstyrrande for naboar til innmarka det vert jakta på. Dette kan føre til generelt auka motstand mot jakt.

Betre tryggleik

Av dei som brukar termisk kikkertsikte er tilbakemeldingane at det ikkje lenger er berre dyret sin varmesignatur som er synleg. Moderne termiske siktemiddel gjev ofte svært gode bilete der ein òg kan sjå terrengdetaljar som gras, greiner, tre og andre objekt i skotfeltet. Dette gjer at jegeren får eit betre grunnlag for å vurdere situasjonen og oppdage forhold som med vanleg optikk kan vere vanskelege å sjå under dårlege lysforhold.

Termiske siktemiddel blir hovudsakeleg brukt på innmark, på areal der jeger er godt kjent. Fleire peiker på at under innmarksjakt i skumring og måneskinn med termisk kikkertsikte, er det utan tvil risikoreduserande. Dei meiner at bruk av termisk kikkertsikte gjev ein auka tryggleik og ei meir ansvarleg jaktutøving.

Dårlegare dyrevelferd og jaktetikk

Det er store diskusjonar for om bruk av termiske siktemiddel aukar eller reduserer tal ettersøk. Her er det lagt fram grunnar for at det kan auke, medan grunnar for at det kan vere motsett er presentert lenger nede. Nokre meiner at det ikkje er dokumentasjon på at bruk av termiske siktemiddel gjev betre dyrevelferd, medan andre meiner at det er det. Mange bekymrar seg for at det kan føre til at fleire tek sjansen på skot over lenger avstand, blant anna fordi ein kan oppdage dyret lettare.

Om det blir skadeskyting i mørket risikerer ein eit krevjande og farleg ettersøkt. Bruk av termiske siktemiddel vil opne for jakt heile døgnet gjennom heile jaktseasonen. Dyrevelferda går ned fordi dyra ikkje får nattero.

Norsk hjortejakt har tradisjonelt vore basert på respekt for viltet, rettferdig jakt og at jeger sine egne ferdigheiter skal vere avgjerande. Ei utvikling der avansert teknologi får ei stadig større rolle i jaktutøvinga, flyttar grensene for kva som blir rekna som god jaktetikk.

Betre dyrevelferd og forvaltning

Dei fleste som er positive til å opne for termiske siktemiddel meiner at bruken av termisk kikkertsikte aukar tryggleiken og dyrevelferda, samt at det er eit godt verktøy i forsvarleg viltforvaltning. Dei meiner at ved bruk av termiske siktemiddel kan jegeren i større grad observere dyra lengre før skot, noko som gjev moglegheit til å skilje individ frå kvarandre, vurdere om ei kolle har kalv, samt kva dyr som bør eller ikkje bør fellast. Ved å vurdere kondisjon og storleik kan ein ta ut dei minste dyra og spare dei som har gode genar som bør vidareførast i bestanden. Ein har tid til å vente til dyret står i ro i ein optimal posisjon. God jaktetikk er viktig uansett utstyr.

Fleire spør om det er viktigare med god dyrevelferd enn at dyret har større moglegheit til å sleppe unna dersom resultatet vert at jaktforløpet vert lenger og dyra meir stressa, samt at risikoen for skadeskyting kan auke.

Jegeren sitt ansvar

Teknologien erstattar ikkje jegeren sitt ansvar. Jegeren har framleis fullt ansvar for eigne jegerferdigheiter og må kunne identifisere viltet (både art, kjønn og alder), kjenne jaktområdet, vurdere bakgrunn og skotfelt, bedømme avstand og gjennomføre skotet på ein human, sikker og forsvarleg måte, i tillegg til å avstå frå skot når situasjonen ikkje er forsvarleg. Mange meiner at bruk av termisk kikkertsikte gjer desse vurderingane lettare.

Nokon meiner at eit termisk kikkertsikte krev mykje meir kompetanse og utvida krav til praktisk bruk då det er mange innstillingar å sette seg inn i som gjer at enkle feiltrykk og brukarfeil kan føre til fatale skadeskytingar og dårleg dyrevelferd. Jakt om natta krev spesiell kompetanse og erfaring. Om det blir trong for ettersøk, kan det bli midt på natta.

Om det blir opna for bruk av termisk kikkertsikte, får leiar av vald/jaktfelt/jaktlag eit ekstra informasjonsansvar. Dei ulike valda/jaktfelta/grunneigarane kan ha eigne reglar eller forbod rundt bruk av termisk kikkertsikte i sitt område. Rapporteringa er òg forskriftsfesta.

Rekruttering

Fleire meiner at om ein opnar for bruk av termisk kikkertsikte og dette etter kvart blir oppfatta som ein føresetnad for å drive effektiv hjortejakt, kan det auke den økonomiske terskelen for nye jegerar, samt at ei opning kan komplisere jegeropplæringa.

Ei berekraftig jaktforvaltning er avhengig av god rekruttering, og kommunen bør vere varsam med å leggje til rette for ei utvikling der kostbart teknologisk utstyr blir oppfatta som nødvendig for å delta.

Éin meinte at prisen er på veg ned og at ein kan få god optikk for ein overkommeleg pris, samt at ungdom gjerne er flinke med ny teknologi. Hen meinte difor at verken økonomi eller bruk av termisk treng vere eit hinder for ny rekruttering.

Folk har brukt pengar

Nokre er redde for at det skal takast omsyn til at enkelte har investert i dyrt utstyr.

Jakttradisjonar

Jakt har lange tradisjonar i Norge og det betyr mykje for mange. Nokre meiner at jakt om natta med termiske siktemiddel bryt med tradisjonane og splittar jegermiljøet. Éin meiner at jegerar no køyrer frå bø til bø om natta for å rekke over mest areal og spør om politikarane vil ha det slik.

Andre meiner at utstyret ikkje er noko hinder for tradisjonell jakt og minner om at bruken er heilt frivillig. Dei meiner at det er ei naturleg utvikling av verktøy på lik linje med då vanleg kikkertsikte og lyddempar vart utvikla. Visstnok var det same diskusjonar då desse først vart gjort tilgjengelege.

Definisjon på «ope terreng» eller avgrensing til «dyrka jord»

Fleire har kommentert at omgrepet «ope terreng» er uklart. Der er mange nyansar mellom fri siktelinje og nyslått mark og mark med gras, fjellvidder og krattskog. Dei meiner at definisjonen frå Landbruksdirektoratet er ikkje tydeleg nok.

Mange er positive til at termiske siktemiddel kan nyttast på innmark eller «dyrka mark», men ønskjer ikkje at det skal kunne nyttast overalt i «ope terreng». Det visast til at hjort som nyttar dyrka jord til beite per definisjon gjer skade på landbruksarealet, og det er her behovet for regulering er størst. Hjort som held seg i utmark og til fjells gjer relativt lite eller ingen skade på landbruksarealet, med

unntak av beiteskade på planta skog. Det er òg lite truleg at ein avgrensa bruk på dyrka jord vil kunne true hjortebestandane si overleving. Jakt i utmark i mørket er lite ønskeleg av omsyn til anna vilt og hjorten sjølv, som ikkje bør bli uroa på nattetid. I tillegg er omgrepet «dyrka jord» eit omgrep som dei fleste jegerar forstår, og som ikkje gjev rom for mykje tolking. Omgrepet «ope terreng» kan tolkast forskjellig og er vanskelegare å handheve i praksis. Andre meiner at om skaden på innmark berre skjer i enkelte område av kommunen, må òg ei forskrift vere innskrenka til å gjelde berre desse områda.

Like reglar i nabokommunar

Det var forskjellige meiningar om å ha like reglar for termiske siktemiddel i nabokommunar. Nokre meinte at like reglar kan gjere det meir oversiktleg for jegerar og jaktrettshavarar. Det er kanskje spesielt viktig med same reglar som Stryn kommune på grunn av Kvalen storvald. Andre meinte at det var heilt feil å ta nabokommunane med i vurderinga fordi den gjeldande forskrifta skal hindre alvorleg skade på natur- og samfunnsinteresser uavhengig av kva andre gjer.

Vurdering:

Det er mange og sterke meiningar om bruk av termisk kikkertsikte. Det er gode argument, og positive og negative konsekvensar med begge alternativa. Administrasjonen kjem ikkje til å kommentere alle innspela med argument sidan begge sider stort sett er greidd ut over. Hovudfokuset for om Stad kommune skal opne for termisk kikkertsikte gjennom ei ny forskrift må vere på det forskriftsfesta argumentet som seier at det skal kunne avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik. Det har blitt påpeika at lokal informasjon om alvorleg skade i kommunen mangla i høyringsbrevet. Rettleiaren gjev føringar for kva som bør greiast ut. Dette vert greidd ut i vurderingane under.

I 2025 gjennomførte Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) ei spørjeundersøking om bruk av termisk optikk på jakt. Den største svarprosenten kom frå hjortejegerar i Vestland fylke. Spottar (ein handhalde kikkert (ofte ein termisk kikkert eller eit lite teleskop)) var meir brukt enn kikkertsikte. Termiske hjelpemiddel har blitt forholdsvis vanleg dei siste tre åra. Det kom fram at om lag kvar tredje felte hjort var skote med termisk kikkertsikte, som hovudsakeleg er brukt på innmarksjakt. Av deltakarane meinte 53 % at termisk optikk har endra måten eller tidspunktet det jaktast på. Dette syner at hjortejakta allereie har blitt forma mykje av bruken av termiske siktemiddel, og det er naturleg å tru at det òg gjeld vår kommune. Spørjeundersøkinga viste at termisk optikk har verknad på sett og felt hjort per jegerdag, som er den viktigaste indeksen for å vurdere hjortetettleiken vi har per i dag.

Hjortetettleik og skade på innmark i Stad kommune

Kommunen har ein overordna forvaltningsplan for hjort for perioden 2024-2026. Denne har som mål å redusere hjortebestanden i kommunen. Dette har vore eit mål i lang tid og det har vore lagt inn mykje innsats for å ta ut nok hjort, samt å få ei meir naturleg samansett hjortestamme i forhold til kjønn og alder. Det er indikasjonar på at bestandstoppen er nådd og at ein har greidd å begynne å redusere hjortestammen.

På grunn av bruken av termiske kikkertar er det uvisse i tala for sett og felt hjort per jegerdag. Då det ikkje har vore retningslinjer for korleis ein skal telje hjort når ein nyttar termisk, samt at det ikkje har vore rapportert om termisk kikkertsikte eller handheldt kikkert har vore brukt i jakta, veit vi ikkje i kor stor grad tala er påverka. Det er vanskeleg å estimere korleis bestandstettleiken i kommunen har utvikla seg dei siste åra. Vi må difor sjå på tilbakemeldingar, samt andre statistikkar.

Det er store variasjonar i hjortetettleiken i kommunen. Nokre plassar, som til dømes Sørsida hjortevald, har det vore ein nedgang i hjortetettleik over fleire år. I 2025 meldte fleire av storvalda i gamle Eid om nedgang i hjortetettleiken. I desse valda har det vore gjort ein stor innsats over lang tid for å redusere hjortetettleiken.

Det er enkelte plassar i gamle Selje som har begynt å få for høg hjortetettleik. Blant anna vart det i 2026 meldt om særskild høg plage med hjort på innmark på Drage, samt at det er skade på innmark i fleire av valda rundt. Utmarksforvaltaren var på synfaring på Drage for å vurdere situasjonen og sjå på eventuelle førebyggjande løysingar. På grunn av form og storleik på arealet er det vanskeleg å gjerde inn arealet. Det er særskild store skader og mykje hjort som kjem frå dei forskjellige områda rundt der tettleiken òg er høg. På slike plassar der det er lite folk og dyra får mykje ro, vil bruk av termiske siktemiddel kunne hjelpe enormt med å ta ut dei rette dyra på innmark.

Det er meldt om mykje hjort rundt Moldefjorden og på strekninga frå valdet Årsheim til Lillekjøde. I desse områda har minstearealet nyleg vorte endra. I tillegg har det kome innspel frå jaktfelta Heimemarka og Hanebrekke og Manseth i Stårheim og Haugen storvald om at dei slit med skade på innmark, samt at enkelte område i Kjølisdalen informerer om skade hos enkelte grunneigarar. Det er òg mykje hjort på Bryggja og Lote. På Lote var det søkt om viltfondsmidlar til gjerde rundt innmark i 2025 på grunn av skade på innmark.

Remmedalen og Bjørlo har hatt ekstremt høgt press tidlegare, men etter jakta i 2025 er tilbagemeldingane frå valdet at presset har gått ned. Det same gjeld mykje av innmarka i Heggjabygda og Leivdalen storvald. Ein skal ikkje meir enn to år tilbake i tid før situasjonen var ein ganske annan. Det er uvisst om alle bøndene er samde i dei uttalanane som har blitt sendt inn om dette. Det var søkt om tilskot frå viltfondet tidlegare i år til inngjerding av rundballar i Remmedalen.

Kommunedirektøren vurderer at skadepotensialet framleis er særskild stort i fleire område. Det skal lite til for at ein får ukontrollert auke i bestanden om ein redsel for bestandsnedgang spreier seg blant jegerane. Dette har vi sett døme på tidlegare i Vestland fylke i perioden rundt 2010-2013. Høg avskyting og eit par harde vintrar gjorde at ein truleg fekk ein bestandsreduksjon etter fleire år med fokus på nedgang. Fleire vald valte å avslutte jakta tidleg, samt spare koller fordi dei mente «det ikkje var hjort igjen». Resultatet vart ei ekstrem auke i hjortetettleiken på Vestlandet dei neste 10-15 åra.

Hjorten er ein art som er tilpassa hardt uttak og det er forhaldsvis enkelt å bygge opp ein hjortestamme i ein kommune om ein har redusert for mykje. Historikken har vist at det ikkje er lett å redusere den igjen. Sjølv om ein no kan sjå reduksjon i hjortetettleik dei siste åra, er det ein prosess som det har teke minst 15 år å få til. Basert på erfaring frå Vestland fylke er ikkje to-tre år med nedgang i hjortetettleiken nok til å konkludere med at hjortestammen er drastisk redusert.

Hjortens kondisjon og helse

Rettleiaren peiker på andre statistikkar som kan nyttast for å seie noko om bestandstettleiken. Desse inkluderer blant anna kondisjon, trend på slaktevektar og tal påkøyrslar.

I Stad kommune har vi ikkje gode tal på slaktevektar for heile kommunen før 2018. Det er særskild gode tal frå gamle Eid kommune, medan i gamle Selje kommune har det ikkje vore registrert i det heile. Frå 2018 har det vore særskild god registrering, men det gjev ein forhaldsvis kort periode for å sjå på trend i vektar. Likevel er det tydeleg nedgang i slaktevektene på både spissbukk og fjorkolle. For kalvane er trenden meir uklar og kan sjåast som ganske stabil.

Dei siste åra har det blitt registrert tilfelle av hjortevorter i kommunen. Vortene kjem frå papillomavirus og er godarta svulstar spesifikk til hjort. Smitte skjer sannsynleg via direkte kontakt mellom dyr, men òg via vegetasjon eller insekt. Sjølv om vortene stort sett ikkje gjev store plager for dyra og dyra antakeleg på sikt kan bli immune, kan det vere eit forvarsel på korleis andre sjukdomar kan spreie seg gjennom bestanden. I Stad kommune kom første registrering i 2022 i Eide-Berstad jaktvald. Sidan dette har det blitt ein auke i tal registreringar kvart år. I 2025 vart det gjort seks registreringar totalt i jakta. Registreringane kom frå Eid, Bryggja og Selje. I 2025 hadde vi eitt tilfelle av ein såkalla generalisert tilstand, som betyr at dyret har ein meir alvorleg grad av vorter som kan påverke kondisjonen til dyret. Tilfellet i Stad var alvorleg og gav redusert livskvalitet til dyret. Bukken hadde ein vorteklasse på om lag sju kilo som gjorde at dyret mest sannsynleg ikkje kunne urinere. I

2026 har vi allereie fått inn melding om tre dyr i forkant av jakta. Den eine var observert og hadde ein alvorleg generalisert form, medan den andre var avliva og det viste seg at utviklinga var på god veg til å bli generalisert form. Vortene sperra for pattane og ein eventuell kalv ville hatt problem med å die. Det tredje dyret hadde vorter i lysken og hadde antakeleg liten verknad på kondisjonen til dyret.

Påkøyrslar

Det er mange påkøyrslar i kommunen. Statistikken følgjer SSB-året og for 2023/2024 og 2024/2025 var det ekstremt høgt med 64 påkøyrslar årleg som tilsvarar om lag 6 % av tal felte dyr. Tal påkøyrslar gjekk ned i 2025/2026 til 34, som utgjorde 3,4 %. Kommunen har eit mål om å redusere tal påkøyrslar til under 1,7 % av tal felte dyr.

Det har vore synfaring med Vegvesenet fleire stadar langs FV15 inkludert på Totland, ved Kalveneset og ved Haugen-Naustdal, samt langs E39 på Lote for å sjå på tiltak for å redusere påkøyrslar. Ved Haugen-Naustdal har det i ettertid blitt sett opp viltgjerde på begge sider av vegen.

Forvaltning av hjort i kommunen og tilgjengelege verktøy

Mange av innspela viste til at det er nok gode verktøy tilgjengeleg i hjorteforvaltninga og at det ikkje er nødvendig å ta i bruk nye verkemiddel. Mange av desse innspela kom frå gamle Eid kommune. Det er store skilnader i kommunen med korleis hjorten er forvalta.

I gamle Eid er det storvald med mange jaktfelt der valda har eigne bestandsplanar med mål og plan for avskytinga tilpassa deira område. På Bryggja er det ei blanding av store og mindre vald, men omtrent alle er meldt inn i Ytre Nordfjord bestandsplanområde (YNB) og følgjer felles bestandsplan. I Selje er det mange små vald der nokre få er innmeldt i YNB, medan resten får årleg tildelt løyve frå kommunen. Å vere med i eit storvald gjev mest fleksibilitet og tilgang på flest av dei tilgjengelege verktøya i hjorteforvaltninga. Dette gjev den beste løysinga for å bruke dagens verktøykasse til måloppnåing. Vald som er med i eit bestandsplanområde har meir fleksibilitet enn små vald som får årleg tildeling frå kommunen.

Om lag 25 % av arealet i kommunen er mindre vald som får årleg tildeling av løyve frå kommunen og som difor manglar mange av dei verktøya som er tilgjengeleg i hjorteforvaltninga i Noreg. Det har vore gjort ein innsats fleire av plassane for å undersøkje moglegheita for å danne større vald, men utan hell. Det er kanskje i desse områda at hjorten gjer mest skade på innmark per i dag.

Jegeren sitt ansvar i hjorteforvaltninga

Det er tal løyve og fordeling etter alders- og kjønnskategori som styrer uttaket av hjort i jakta. Kommunen set mål for bestanden på overordna nivå. Det er valda og jegeren som kjenner dei lokale tilhøva som utgjer den faktiske forvaltninga. Det er jegeren som bestemmer kva dyr som blir skotne og kva dyr som går igjen. Dette er eit ansvar som jeger må forstå og må eige. Til sjuande og sist er det jeger som er den utøvande parten og må gjere vurderingane for kva som er rett å gjere i sitt område. Dette gjeld uansett kva type jakt eller kva type hjelpemiddel som blir brukt.

Klarer ein å ta ut dei rette dyra kan vanane til resten av flokken endre seg. I tillegg til direkte å avverje skade på dyrka mark kan ein bruke meir tid på å vurdere kva dyr som bør takast ut og kva dyr som det er forvaltningsmessig fordelaktig å la gå igjen. Dette er vurderingar som gjer det lettare å nå kommunale mål om auka kondisjon, slaktevektar og snittalder i hjortebestanden, som betrar økosystembalansen som er ei viktig naturinteresse

I tillegg til ansvar for trygg og human jakt, er det jegeren som formar den lokale hjortestammen. Om ein jeger feller alle stamdyra i eit område, vert det merkbart mykje mindre hjort enn om ein jeger berre tek trekkdyra som går gjennom. Det er sjølvstykke ikkje lett å vite kva slags hjort ein tek ut, men det er likevel eit ansvar jegerane må vere klare over. På innmark kan ein gjere endring i vanane til hjorten ved å ta ut dei dyra som leiar resten av flokken. I mange tilfelle er det nødvendig å følgje med på dyra når det framleis er for mørkt til å jakte med normal jaktoptikk, for å kunne gjere slike

vurderingar. Termisk kikkertsikte er i desse tilfella eit veldig godt verktøy for å avverje skade.

Grunneigar/jaktrettshavar har òg eit ansvar. Det er dei som styrer kva som er lov for jegerane å gjere i sitt område. Sjølv om ei forskrift skulle bli vedteken, kan vald/jaktfelt/grunneigar lage egne reglar for jakta i sitt område der dei kan avgrense bruken eller seie at det ikkje er lov i det heile. Kommunen har ikkje noko med slike reglar å gjere, då eventuelle tvistar rundt det vil vere privatrettsleg.

Bruk av termisk kikkertsikte er ikkje heilt nytt

Det er mykje synsing om kva som vil skje om kommunen opnar for bruk av termisk kikkertsikte gjennom ny forskrift. Det har vore forhaldsvis vanleg å jakte med termisk kikkertsikte dei siste tre åra. Forskjellen framover blir at jeger er pliktig til å oppgje om termisk kikkertsikte har vore brukt ved felling av hjort. Kommunen har ikkje fått inn bekymringsmeldingar dei siste tre åra lenka til problem med bruk av termiske siktemiddel på jakt. Det har ikkje blitt informert om meir tjuvjakt eller kome klager om jakt midt på natta, verken på innmark eller i skogen.

Jeger har eit ansvar, på lik linje som ved jakt i skumring og måneskinn, å vurdere korleis eit eventuelt ettersøk skal gjennomførast. Sjølv om ein kan sjå med termisk kikkertsikte, bør ein kanskje ikkje jakte når ein er på veg inn i den mørkaste natta, men kanskje vente til det ikkje er så lenge til det lysnar. Dette er ein del av vurderingane som alle jegerar må tenkje over når dei skal jakte. Jaktar ein i skumringa på kvelden, kan det fort vere bekmørkt innan ettersøksekvipasjonen kjem til plassen. Kommunen har ikkje tal på jaktettersøk i våre kommunar og kan difor ikkje bekrefte eller avkrefte om det blir meir eller mindre ettersøk ved bruk av termiske siktemiddel, og heller ikkje om det har vore auke i tal ettersøk på natt.

Moglegheiter for å tilpasse eventuell forskrift

Veldig mange meinte at ei eventuell forskrift burde avgrensast til «dyrka jord», og nokre meinte at den måtte avgrensast til dei områda i kommunen som har skade på innmark. Kommunedirektøren er samd i at ei avgrensing til dyrka mark ville ha vore betre og lettare å halde seg til enn «ope terreng», men Landbruksdirektoratet sin rettleiar seier at kommunen ikkje har heimel til å avgrense bruken ytterlegare enn det som står i utøvningsforskrifta. Det står at:

Åpning for bruk gjelder hele kommunen, selv om skadesituasjonen eventuelt er begrenset til deler av kommunen. Kommunen har ikke hjemmel i utøvelsesforskriften for å pålegge ytterlige supplerende føringer for bruken av slike siktemidler, for eksempel til å åpne for bruk i deler av kommunen, tidsavgrensning til bruk eller til hvilke kjønns- og alderskategorier som kan felles med termisk.

Sunnfjord kommune har likevel gjort eit slikt vedtak og kunngjort ei forskrift som gjeld på innmark. Det er usikkert om dette får nokon konsekvens.

Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer hjortetettleiken i kommunen som for stor totalt sett og enkelte plassar, spesielt i gamle Selje, er det store beiteskadar på innmark. Sjølv om beitetrykket og skadepresset frå hjort på innmark har gått ned nokre plassar dei siste åra, vurderer kommunedirektøren at skadepotensialet framleis er så høgt at det er fagleg godt grunnlag til å seie at kommunen kan fastsette lokal forskrift med mål om å avverje alvorleg skade frå hjort på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik av hjort.

Kommunedirektøren rår kommunestyret til å vedta forskrifta slik den ligg føre som vedlegg til saka.

Økonomisk berekraft:

Ingen.

Sosial berekraft:

Det er stor debatt om kva allmenta meiner og kva ei innføring av termisk kikkertsikte i hjortejakta vil ha å seie for omdømet til jakt, rekruttering og ikkje minst arbeidsmengda til ettersøksjegerane.

Sjølv om termisk kikkertsikte har vore i bruk i dei siste tre åra, og for enkelte lenger, så har vi ikkje god dokumentasjon på desse bekymringane. Utmarksforvaltar har ikkje fått melding om nokre av desse bekymringane før forskrifta var ute på høyring. Administrasjonen har heller ikkje tal på jaktettersøk i kommunen eller statistikk på kor mange jegerar som nyttar termisk kikkertsikte eller kor mange hjort som har vore felt på grunn av det i vår kommune. Det er vanskeleg å spekulere i kva slags sosial verknad ei slik forskrift vil ha.

Miljømessig berekraft:

Den ytre ramma for uttak av hjort settast ved tildeling av fellingsløyve enten gjennom bestandsplanar eller ved årleg tildeling frå kommunen. Valda har sjølv stor verknad på kor mange løyve dei ønskjer å få tildelt, basert på statistikk og eigne mål og meiningar om lokal hjortestamme. Tildeling av fellingsløyve til vald utan fleirårig plan gjerast basert på tilgjengeleg data frå fellingstal, sett hjort og eventuelle teljingar. Bruk av termisk kikkertsikte er eit hjelpemiddel som kan nyttast i hjortejakta om ei lokal forskrift vert vedteken. Hjelpemiddelet gjer det lettare å fylle kvota og kan difor gjere uttaket av hjort meir effektivt. Positive og negative verknadar har blitt greidd ut i saka.